

Notat

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Til: Hovudutvalet for opplæring

Budsjett 2016 opplæring - disponering av auka budsjettløyving

Innleiing

Fylkestinget vedtok i sak 68/15 Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19 m.a. at budsjetttramman for opplæring i 2016 vart auka med 3 mill. kr og at hovudutval for opplæring fekk fullmakt til å fordele desse midlane.

Fylkestinget vedtok vidare at for 2017-2019 skal auke i ramma til opplæring vurderast med basis i behovet for å sikra kvalitet og breidde i utdanningstilbodet.

Etter fylkesdirektøren si vurdering gir ikkje fylkestinget sitt vedtak heimel for ei styrking ut over ei samla løyving på 3 mill. kr.

Fylkesdirektøren ønskjer gjennom dette notatet å be hovudutval for opplæring om ei presisering av korleis den auka budsjettløyvinga er tenkt brukt.

Bruk av løyvinga som ei eittårig løyving i 2016

Dersom midlane skal nyttast i 2016 ser fylkesdirektøren føre seg at dette kan skje ved følgjande tiltak for å auke kvaliteten på opplæringa:

- Auka innsats/auka opplæring for elevar som ikkje er kvalifiserte til neste nivå eller med behov for ekstra opplæring med grunnlag i svake resultat på kartleggingsprøvene
- Auke ressursinnsatsen til tilpassa opplæring i skule og bedrift (to-lærarsystem)
- Auke ressursinnsatsen til kompetanseutvikling for pedagogisk personale på skulane (kollektiv kompetanseheving)
- Delingstimar for innføringsgrupper for minoritetsspråklege hausten 2016 (to-lærarsystem)

Bruk av løyvinga til styrking av opplæringstilbodet

Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017 vert endeleg vedteke i saka om justering av opplæringstilbodet i mars. I denne saka kan ein justere tal grupper innanfor tilbod som har vore lyst ut, men det er ikkje mogleg å opprette nye tilbod som ikkje har vore søkbare. Dette fordi søknadsfristen til vidaregåande opplæring er 1. mars.

Dersom budsjettauken skal nyttast til å styrke opplæringstilbodet (tal grupper) for skuleåret 2016-2017 må auken i løyvingsnivå vidareførast i 2017. Dette fordi slik styrking legg til grunn finansiering over to år; kostnadene for hausten i 2016 og kostnadene for våren i 2017. Fylkesdirektøren ser føre seg at det i samband med ei styrking av opplæringstilbodet kan vere mogleg å nytte løyvinga på 3 mill. kr fordelt over to budsjettår.

Dersom ein legg ei styrking til vg2 yrkesfag vil dette berre gje økonomiske verknader for skuleåret 2016-2017. Dersom styrking skjer på vg1-nivå eller vg2-nivå (for 3-årige løp) vil dette gje økonomiske verknader for fleire skuleår og såleis ikkje kunne gjennomførast innanfor ramma av fylkestinget sitt vedtak.

I saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017 har fylkesdirektøren lagt tal søkjarar med ungdomsrett til grunn for dimensjonering av tilbodet. For å imøtekomme innsparingskravet til sektoren som følgje av skulebruksplanen, vart søkjartalsgrunnlaget redusert ut frå erfaringstal for tal søkjarar som søker til andre tilbod enn våre vidaregåande skular. Som omtala i saka om opplæringstilbodet er det utlyste tilbodet stramt dimensjonert. Om føresetnadene som er lagt til grunn for dimensjoneringa held, veit vi først når søkjartala er kjende 1. mars. Dersom tal søkjarar med ungdomsrett vert høgare enn forventa kan det bli behov for å auke gruppetalet, då alle søkjarar med ungdomsrett har rett på eit tilbod.

Dersom løyvinga vert nytta til å auke kapasiteten i opplæringstilbodet utan auke i tal søkjarar med ungdomsrett vil dette gje rom for å ta inn fleire søkjarar utan rett. Søkjarar inntekne utan ungdomsrett vil ha fullføringsrett til neste nivå. Dette vil kunne gje konsekvensar for dimensjonering av opplæringstilbodet påfølgjande år og slik gje økonomiske verknader over fleire skuleår. Etter fylkesdirektøren si vurdering vil dette ikkje kunne gjennomførast innanfor ramma av fylkestinget sitt vedtak.

Fylkesdirektøren ber om at hovudutvalet presiserer korleis den auka budsjettløyvinga er tenkt brukt. Fylkesdirektøren rår til at hovudutvalet tek endeleg stilling til disponering av den auka løyvinga etter at saka om justering av opplæringstilbodet er handsama.